

# MÅNADSBREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA

Nummer 1 2024. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen. boksmia@online.no.

I desse breva finn lesaren internasjonalt materiale om mattilgangen i verda, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder. Me skriv om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk adressa over. Brev kan også lastast ned frå NBS sine heimesider.

Tema for dette nummeret er hjelpearbeid, landgrabbing og ein FAO-rapport om Afrika. Har du som les, stoff du meiner bør inn i brevet eller andre tilbakemeldingar, så skriv eller ring oss i Internasjonalt utval, adresseliste på side 4 i dette brevet. Veit du om andre aktuelle abonnentar, så gi oss gjerne eit vink.

## FRÅ NBS TIL ETIOPIA



Overrekkinga. Frå venstre Olav Randen, Tor Jacob Solberg, Ulf Flink (på skjerm), Jens Erik Furulund, Ann Askim og Håkon Langeland

Lotteriet til Norsk Bonde- og Småbrukarlag på landsmøtet i Hamar 10.12. november i fjor gav nesten 40.000 kroner. Halve overskotet går til Solidaritetsfondet for småbrukere (tidlegare Åge Hovengens støttefond). Den andre halvparten (pluss nokre kroner medlemmer i Internasjonalt utval gav for å få ein rund sum) gjekk denne gongen til landbruksprosjekt i Etiopia administrert av Utviklingsfondet. På møte i NBS 9. januar i år fekk marknads- og kommunikasjonsleiar i Utviklingsfondet Ann Askim overlevert ein sjekk på 20.000 kroner.

Utviklingsfondet har prosjekt i Nepal, Malawi, Etiopia, Guatemala, Somalia og Mosambik. Vår gåve skal gå til arbeid blant småbønder i Etiopia. Pengane blir fleirdobla med det tilskotet Norad gir når midlar blir samla inn.


Askim og fondets landdirektør i Etiopia og Somalia Ulf Flink, sistnemnde på skjerm frå Addis Abeba, orienterte om

situasjonen i Etiopia og arbeidet dei driver. Etter rask framgang i landet sist på 2010-talet har det vore store politiske problem og veksande klimaødelegging dei siste åra. Etiopia har rase nedover på Human Develop-indeksen og er no nr. 175 av 189 land. Meir enn 25 millionar etiopiarar lever under fattigdomsgrensa, og mange lir av underernæring. 80 % av dei yrkesaktive driv landbruk, og noverande styresmakter i Etiopia har forståing for landbruket og vilje til å priorite-

re landbruket. I sitt hjelpearbeid legg Utviklingsfondet stor vekt på mikrofinansiering og på kvinners deltaking i matproduksjonen. Eit av prosjekta er arbeid for å etablere perma-kjøkkenhagar i økologisk balanse og med eit mangfald av nyttevekster.

På møtet stilte dei to frå Utviklingsfondet, Tor-Jacob Solberg og Anton Langeland frå styret i NBS og Jens Erik Furulund og Olav Randen frå Internasjonalt utval i NBS. Det var stort samfall i tenking om korleis landbruk og matproduksjon bør utviklast, ikkje med agroindustri, men nedanfrå, med små og mange steg og innanfor naturens toleevne. Sjølv om skilnadene er store mellom det fattige (og naturrike) afrikanske landet og vårt land, har me både ting å lære bort og å lære av dei.

Internasjonalt utval i NBS har foreslått at me engasjerer oss i eitt prosjekt i bistandsarbeid, og kanskje er Utviklingsfondet ein aktuell samarbeidspartnar i så høve. Møtedeltakarane var samde om å arbeide vidare med tanke på eit eventuelt fastare samarbeid.



For en kopp kaffe til 30 kroner i London 2019 gikk 12 øre til den afrikanske bonden. Figur hentet fra boka *Afrika. Fra de første mennesker til i dag*, av Tore Linné Eriksen.

# TEMA: LANDGRABBING

Koloniveldet, at rike land og land i nord heldt fattige land som koloniar, henta ressursar, arbeidskraft, slavar, skatt og fornminne derifrå, er vonleg i ferd med å ta slutt. Men det som blir kalla landgrabbing eller landran, har teke over. Landgrabbing vil seie at rike og kanskje ressursfattige land inngår kontraktar om kjøp eller langtidsløse leige av store jordområde i fattigare land og nyttar denne jorda til sine formål. Storinvestorar frå Europa, USA, enkelte asiatiske land og oljeland i Midtausten kjøper eller leiger land i Afrika, Latin-Amerika og Asia og bruker jorda til sine formål.<sup>1</sup>

Oftast er formålet å produsere mat, som blir eksportert til landet til den nye eigaren eller leigaren, eller til andre land med betalingsevne. Frå eit lands jord til andre lands bord altså. Det handlar også om biodrivstoff, tømmer, medisinsplanter, pryddplanter og olje. Ofte er lokale elitar mellommenn for å få til avtalar. Småbønder blir skuva til side.

Det er ikkje lett å finne eksakte opplysningar om omfanget. Dei fleste land har ufullstendige jordregister. Jamvel Verdsbanken hentar informasjon frå avisoppslag.

Etter den globale matkrisa i 2008 skaut oppkjøp og leigeavtalar fart. Leigeavtalane er på frå 20 til 99 år. Dei siste åra har det truleg vore noko mindre inngåing av nye avtalar, fordi fortienesta ved matproduksjon har minka. Men svært mange fattigland må akseptere at på delar av jorda, ofte den beste jorda, kjem selskap utanfrå med store maskinar og framande såfrø, og at planteavlingane eller husdyrprodukta blir skipa ut av landet. Stundom blir jorda rasert for all framtid, til dømes på grunn av ressurstapping, forureining eller erosjon etter omsynslaus drift. Dei må også akseptere at knappe vassressursar går til kunstig vatning der, blant anna fordi storselskapa har musklar og utstyr til å hente vatnet frå vasslommer djupt under jordskorpa og at grunnvassnivået då kryp nedover.

Landa som gir frå seg jord på denne måten, blir svekka. Om dei blir ramma av matmangel, har dei ikkje lenger vekstjord for det krafttaket som må til for å kome over kneika.

## OMFANG

Ulike forskingsinstitusjonar og tenkjetankar legg til grunn at ein stad mellom det 20 og 80 millionar hektar vekstjord har vorte landgrabbet første del av

1 [https://www.farmlandgrab.org/uploads/attachment/1/EcoRuralis\\_WhatIsLandGrabbing\\_2016.pdf](https://www.farmlandgrab.org/uploads/attachment/1/EcoRuralis_WhatIsLandGrabbing_2016.pdf)

2000-talet. Med 4 milliardar hektar dyrka mark globalt utgjer det rundt ein prosent. I somme ressursrike landbruksland er oppkjøpa og leigeavtalane langt meir omfattande, sjå figuren til høgre.


Somme av oppkjøpa er enorme. Databasen til GRAIN oppgir at to firma frå USA har kontraktar om ein million hektar i Sudan, like mykje som samla norsk dyrka areal, og at Kina disponerer 400.000 hektar i Colombia. Ofte handlar dette om at dei beste jordbruksareala i utleige eller salslanda blir bytte ut med monokulturar, store mengder kunstgjødsel, plantegifter og jordpakking. Matkonserna har kontroll over det meste av prosessen frå jord til matbutikk, frå såfrø og sprøytemiddel til planter og via slakteri og anna bearbeiding og transport til detaljhandel. Dei har juridiske musklar, og dei har gjennom eiga informasjonsverksemd og media høve til å påverke opinionen. Selskapa har nær kontakt med styresmakter både i eige land og i land der dei driv verksemda. Når det blir forhandla internasjonalt om handelsordningar, møter ofte representantar for transnasjonale matselskap som lobbyistar og rådgivarar.

Ulitt småbøndene har selskapa mange utgangar. Dersom driftsforholda blir vanskelege i eit område på grunn av forureining, plantesjukdommar, erosjon, uttappa vasskjelder eller politisk motstand, kan dei flytte verksemda til andre område og andre verdsdelar.

## MENNESKA SOM BLIR RAMMA

Rettsreglar knytte til jord er i dei fleste land ei blanding av eigedomsrett, bruksrett og allemannsrett, men med svært ulike blandingsforhold. Mange land, særlege fattige land utan lang historie med sjølvstende, har ikkje eller i liten grad formalisert eigedomsrett til jorda. Når storselskapa med sine profesjonelle forhandlarar og advokatar kjem til regjeringskontor for å kjøpe eller leige jord, kan dei styrande hevde at dei eig denne jorda og at det er dei som er seljarar eller utleigarar og som har rett på kjøps- eller leigesummen.

Dei småbøndene som har brukt jorda



Figuren frå det tyske statistikkbyrået Statista viser dei landa som etter tilgjengelege opplysningar har leigt bort eller selt større landeigedommar ut av eigne land etter år 2000.

i hundretals år, har berre hevd, ikkje dokument, ikkje tinglyste papir, ikkje nedskrivne grenser, ikkje kontaktar, ikkje råd til advokathjelp. Mange av dei er alfabetar eller har dårleg leseevne, eller møta skjer på språk dei ikkje meistar. Resultatet blir at dei blir pressa vekk, som lønnsarbeidarar i hovudstaden, slumbuarar eller flyktingar til andre land.

## NATUREN SOM BLIR RAMMA

Medan småbønder har band til jorda, kan driftsmåten til storselskapa jamførast med gruvedrift, intenst så lenge jorda gir avkastning eller skog finst, for så at dei trekkjer seg tilbake frå eit rasert, erosjonsramma, uttørka landskap og heller satsar andre stader. Eller spekulativ drift med nye plante- og dyreslag fordi risikoen betyr lite for dei.

I staden for mangfald av planter og dyr vel dei det mest profitable. Monokulturar gir ofte størst inntekt på kort sikt. Tilførte innsatsfaktorar som kunstgjødsel og pestisidar svarar seg framfor husdyrgjødsel og tidkrevjande arbeid for å byggje opp vekstjorda. Tunge maskinar til jordarbeiding, med både jordpakking og utslepp av karbon til luft, svarar seg. Over tid blir jorda driven på denne måten fråteken næringsstoff, utarma og sårbar for erosjon.

I tørre område har storselskapa økonomi og utstyr til å hente vatn langt under jordskorpa, til å tappe elvar for vatn

eller demme opp for seinare bruk. Bønder og andre bygdefolk opplever at elva blir tom eller at brønnen må gravast djupare for kvart år fordi grunnvassnivået sig. Etter ein del år er den fosile akviferen tømt. Tidlegare fruktbart landskap kan bli forandra til ørken.

### NORGE SOM LANDRANAR?

Rapporten *Solgt. Finansierer norske offentlige midler landran?* utgitt av Utviklingsfondets ungdomsorganisasjon Spire i 2013<sup>2</sup> tek for seg Norges rolle i global landgrabbing. Oljefondet og Norfund investerte i selskap med palmeoljeplantasjar i Liberia, Sierra Leone og Kamerum, der lokalsamfunn vart nekta tilgang til ressursar dei hadde nytta i hundretals år. Oljefondet investerte også i andre selskap som dreiv liknande verksemd. Gjennom eit skogselskap med fondsmidlar bak vart såleis tusentals ugandarar tvangsflytte. Dei norske fonda har etiske retningslinjer dei skal følgje, men treg saksbehandling, lite informasjon og manglande ressursar og makt hos Etikkrådet gjorde at oppfølginga svikta.

Dette var altså i 2013. Månadsbrevet skal så langt det let seg gjere kome attende til om situasjonen er betre eller verre eit tiår etterpå.

### KAN NOKO GJERAST?

Småbondeorganisasjonar i mange land og like eins den globale paraplyorganisasjonen La Via Campesina har arbeidd mykje med å bremse jordgrabbing.

Den globale ordninga bør vere at lokalfolk har førsteretten til jorda og at berekraftig forvaltning skal verte tyngst. Berre slik er land i stand til å oppfylle retten og plikta til å fø eiga befolkning. FN-fråsegna om rettane til bønder og arbeidsfolk i bygder, vedteken i generalforsamlinga i FN i desember 2018, legg dette til grunn i paragraf 5:

*Tilgang til og bruk av naturressursar*

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til tilgang til og berekraftig bruk av dei naturressursane som finst i deira samfunn og som er nødvendige å bruke for å få gode levevilkår, i samsvar med artikkel 28 i denne fråsegna. Dei har også rett til å delta i forvaltninga av desse ressursane.

2. Statar skal setje i verk tiltak for å sikre at all bruk av naturressursar som bønder og andre arbeidsfolk i landsbygder gjennom tradisjon står for eller forvaltar, er basert på, men ikekje angrensa til

(a) grundig gjennomførte vurderingar når det gjeld sosiale og miljømessige konsekvensar;

(b) seriøse vurderingar i samsvar med artikkel

2 (3) i denne fråsegna;

(c) metodar for rettviss og fornuftig deling av verdiane ved slik utnytting basert på gjensidig avtala vilkår mellom dei som utnyttar naturressursane og bøndene og andre menneske som arbeider i områda.

Dersom vårt land har vilje til det, kan me gjere ein heil del for at slike uverdige og miljøskadelege ordningar tek slutt. Norge kar slutte seg til FN-fråsegna og engasjere seg i arbeidet mot landgrabbing saman med andre land. Og oljefondet, verdas største statlege pengefond, kan engasjere seg for lokale småbønder og matsuverenitet framfor for meir landgrabbing. FAO har utarbeidd frivillige retningslinjer for ansvarleg landleige, med vekt på respekt for både formelle og uformelle landrettar. I internasjonalt samarbeid kan me fremje desse. Slik kan Norge utgjere ein skilnad.

OR

Utdrag frå vedtak om land, vatn og territorium på konferanse i La Via Campesina i Nyéléni i Mali 23.november 2011:

- Organiser bygde- og bysamfunn mot land-grabbing i alle former.
- Styrke kapasiteten til våre lokalsamfunn og samfunnsrørsler til å gjenvinne og forsvare våre rettigar, landområde og ressursar.
- Oppnå og sikre kvinners rettar i våre lokalsamfunn til land og naturressursar.
- Skape offentleg medvit om korleis landgrabbing fører til kriser for heile samfunnet.
- Byggje alliansar på tvers av sektorar, lokalsamfunn og regionar, og mobilisere samfunna våre for å stoppe landgrabbing
- Styrke våre organisasjonar for å oppnå og fremje matsuverenitet og reelle jordbruksreformer.

## Palestina — når svolt blir krigsvåpen

– Berre med nok forsyningar og trygg tilgang kan me halde hungersnaua nede, sa leiaren for Verdas matprogram (WFP) Cindy McCain 15. januar i ein appell for meir hjelp utanfrå til Gaza. Det er eit elende med få parallellar. Over 24.000 innbyggjarar er, når dette blir skriva, drepne av bomber, granatar og kuler, nesten tre gonger så mange er fysisk skadde, og 1,9 millionar av dei 2,3 millionane på Gazastripa er fordrevne frå heimar og stuva saman i flyktningeleirar. Også folk på Vestbreidda blir ramma.

335.000 av barna er under fem år, og dei treng mat, reint vatn og sanitærhjelp, men det er uråd nå fram til mange. Sveltande barn er endå meir enn dei vaksne sårbarare for kolera og andre sjukdommar i svoltområda. Livet til barna og familiane deira heng i ein tynn tråd, og kvart minutt tel, seier direktør i UNICEF Catherine Russell og ber om hjelp for å få inn mat, medisinar, helsepersonell og folk og utstyr for å reparere og auke vassforsyning og få sjukehus i drift att. Ikkje minst trengst press på Israel og deira støttespelarar for at landet skal slutte å motsetje seg hjelp.

Palestinas småbrukar- og fiskarorganisasjon UAWC (Union of Agricultural Work Committees) vart stifta i 1986 og arbeider for økonomisk og juridisk hjelp, driv rådgiving og byggjer opp frøbank. Dei omfattar både Gaza og Vestbreidda, men israelske sperringar gjer at

dei må halde kontakten mellom områda digitalt. Etter invasjonen har dei skuvt unna mykje anna arbeid og prioritert naudhjelp og oppretthalding av mest mogeleg matproduksjon. Israel bruker aktivt svolt som krigsvåpen, skriv dei på sine nettsider.

«UAWC sitt arbeid betyr alt eller ingenting for mange tusen familier i Gaza og på Vestbreidda. Fiskere og bønder er helt sentrale for produksjon og distribusjon av nødvendig mat», skriv Norsk Folkehjelp, som i mange år har hatt UAWC som sentral samarbeidspartnar i Palestina. UAWC er, liksom Norsk Bonde- og Småbrukarlag, med i La Via Campesina.

Truleg skjønner me norske småbrukarar, bønder og fiskarar betre enn mange kor viktig arbeid i våre yrkesgrupper er for mattilgang, og like eins at svolt ALDRI må nyttast som våpen. Med hjelpearbeid og politisk press kan me utgjere ein skilnad. Hjelp til vår søsterorganisasjon i Palestina synest vere noko av den mest effektive hjelpa me kan gi.

For å nemne eit lokalt døme: I eit etterjulsselskap hadde me lotteri til inntekt for UAWC. Norsk Folkehjelp heldt digitalt appell til selskapet, og deltarane gav gevinstar og kjøpte lodd. Folkehjelpa sikrar at innkomne midlar blir overleverte og nytta på godt vis. Kanskje kan dette vere ein ide til årsmøte og studiesirkular i NBS.

# AFRIKA 2023

Den dystre bakgrunnen for FAOs siste verdensdel-rapport om Afrika er: Afrika er den verdensdelen som er aller lengst unna realisering av FNs bærekraftsmål om å utrydde sult. Følgene av krigen i Ukraina med mindre mat utenfra, klimaendringer og økonomisk nedgang i mange land og ettervirkningene av Covid-19-pandemien er til sammen mest dramatisk på det afrikanske kontinentet.

I 2022 levde 282 millioner mennesker, om lag 20 % av afrikanerne, under sultegrensa. Antallet hadde økt med 57 millioner siden utbruddet av covid-19. 868 millioner levde i moderat eller alvorlig matutrygghet, av dem 342 millioner i alvorlig utrygghet, og tegnene på framgang var svake. Kvinner og jenter blir hardest rammet.

Rapporten, som ble lagt fram i november 2023, har som tittel *Regional oversikt over mattrygghet og ernæring i Afrika, statistikker og trender*. Den fokuserer på ulike aspekter knyttet til matsikkerhet, landbruk og ernæringsutfordringer på kontinentet. Den gir en detaljert analyse av nåværende tilstander, trender og risikoer som påvirker matsikkerheten. Rapporten gir også anbefalinger for å forbedre matvaresikkerheten og redusere sult og underernæring i verdensdelen.

## TILTAK LANGS FEM SPOR

Jeg vil i det følgende kommentere forslagene til tiltak og intensivert arbeid. Rapporten anbefaler flere tiltak for å styrke matsikkerheten:

1. Investeringer i landbruk: Forbedring av landbrukspraksis, infrastruktur og teknologi for å øke produksjonen.
2. Klimatilpasning: Implementering av strategier for å håndtere klimaendringer, som påvirker avlinger og matproduksjon.
3. Støtte til småskala-bønder: Fokus på småbønder ved å tilby tilgang til ressurser, opplæring og markeder.
4. Ernæringsikkerhet: Tiltak for å fremme ernæringsmessig mangfold og tilgang til sunn mat.
5. Regionalt samarbeid: Forsterke regionalt samarbeid for å håndtere matsikkerhetsutfordringer.

Disse anbefalingene tar sikte på å tak-

le de komplekse utfordringene knyttet til matsikkerhet i Afrika.

Punkt 3 omhandler støtte til småskala-bønder. Bøndene må gis tilgang til nødvendige ressurser som finansiering, moderne landbruksutstyr og teknologi. Opplæring og kapasitetsbygging er også sentrale elementer, for å øke bøndenes kunnskap om bærekraftige landbruksmetoder og effektiv ressurs-



forvaltning. I tillegg understrekes betydningen av å forbedre småbønders tilgang til markeder, slik at de kan selge sine produkter til rettferdige priser og dermed forbedre sine levekår. Disse tiltakene er avgjørende for å øke matproduksjonen og matsikkerheten i regionen.

Punkt 2 i rapporten fokuserer på klimatilpasning. Det understreker behovet for å utvikle og ta i bruk strategier som hjelper landbruket i Afrika med å tilpasse seg klimaendringer. Dette inkluderer å utvikle og fremme klimaresistente avlingssorter, forbedre vannforvaltningsteknikker for å takle både tørke og oversvømmelser og å integrere bærekraftige landbrukspraksiser som bevarer miljøet og bidrar til å redusere klimagassutslipp. Disse tiltakene er viktige for å sikre at matproduksjonen i regionen kan opprettholdes og forbedres til tross for de økende utfordringene på

grunn av klimaendringer.

Eksempler på forbedrede vannforvaltningsteknikker er:

- Dryppvanning: Dette systemet leverer vann direkte til røttene av planter, reduserer vannforbruket og forbedrer effektiviteten.
- Regnvannsoppsamling: Samle og lagre regnvann for senere bruk i landbruket.
- Terrassering: Bygge terrasser på skråninger for å redusere erosjon og forbedre vannretensjon.
- Vannresirkulering: Bruke behandlet avløpsvann til landbruksformål.
- Klimasmart landbruk: Ta i bruk landbruksmetoder som er motstandsdyktige mot klimaendringer og effektiviserer vannbruk.

Disse teknikkene er avgjørende for å sikre bærekraftig vannbruk i landbrukssektoren, spesielt i områder utsatt for vannmangel og ekstreme værforhold.

Punkt 4 omhandler ernæringsikkerhet og fokuserer på å fremme tilgang til et variert og næringsrett kosthold. Det inkluderer initiativer for å øke tilgjengeligheten av næringsrike matvarer, særlig for sårbare grupper som barn og gravide kvinner. Strategien innebærer også utdanning om sunne kostholdsvaner og styrking av lokale matsystemer som kan produsere et bredt spekter av matvarer. Målet er å bekjempe underernæring og relaterte helseproblemer ved å sikre at befolkningen har tilgang til og kunnskap om ernæringsmessig balansert mat.

Jens Erik Furulund

INTERNASJONALT UTVAL NORSK BONDE-  
OG SMÅBRUKARLAG

Leiar Margit Fausko,  
e-post [margit@smabrukarlaget.no](mailto:margit@smabrukarlaget.no)  
Ilona Drivdal,  
e-post [ilonadrivdal@yahoo.no](mailto:ilonadrivdal@yahoo.no),  
Jens Erik Furulund,  
e-post [jens Erik.furulund@gmail.com](mailto:jens Erik.furulund@gmail.com)  
René Cortis,  
e-post [rene.cortis@gmail.com](mailto:rene.cortis@gmail.com),  
Audun Emil Tvedten,  
e-post [audun.e.tvedten@gmail.com](mailto:audun.e.tvedten@gmail.com)  
Olav Randen,  
e-post [boksmia@online.no](mailto:boksmia@online.no)